



*Plan for førebygging av og tiltak ved
skulefråvær i Klepp kommune 2017-2020*

Barna vår framtid

Innhald

Forord	s.	2
Situasjonen i Klepp	s.	2
Tiltaksplan	s.	3
Definisjonar	s.	5
Tidlege teikn på skulevegring	s.	6
Teieplikta	s.	7
Grunnleggjande prinsipp for intervensjon	s.	7
Overgangssituasjonar	s.	8
Kva kan PPT, Helse og barnevern hjelpa med?	s.	9
Risiko og beskyttande faktorar	s.	11
Vedlegg og kartleggingsverktøy	s.	12

Plan for problematisk skulefråvær Klepp kommune

Forord:

Plan for skulevegring i Klepp har vore til revidering hausten 2016. Grunnen til revideringa er at eksisterande plan manglar tiltaksdel på «øvrste nivå» i tiltaksdelen. «Oppvekstgruppa» har sett ned ei tverrfagleg gruppe med oppdrag å finna løysning siste del av tiltaksplanen, og til å revidera planen i sin heilskap.

Målet er at alle skal bli tryggare i korleis ein skal hjelpa elevar med skulevegring. Ein må setja inn tiltak så tidleg som råd.

I planen brukar vi omgrepet problematisk skulefråvær. Definisjonen har utvikla seg over fleire år, der forskinga nå har samla seg om omgrepet «problematiske skulefråvær». Dette dekkjer omgrepet breiare. Den dekkjer både dokumentert og udokumentert fråvær og skulevegring.

Det er viktig å arbeide med dette – både på kort og lang sikt. På kort sikt får stort fråvær frå skulen konsekvensar for fagleg og sosial utvikling for eleven, manglande meistringsopplevingar og sosial isolasjon. Dei langsiktige konsekvensane er og alvorlege; fare for fråfall i vidaregåande skule, manglande utdanning og arbeid, økonomiske problem, angst og depresjon. I ytterste konsekvens kan det føre til uføretrygd.

Situasjonen i Klepp

NyVri –prosjektet 2015-2016

Kommunen fekk etter søknad tildelt ressursar for å undersøkje årsakar til fråfall i vidaregåande opplæring. Klepp kommune har i fleire år hatt ein relativt stor prosent fråfall frå vidaregåande opplæring. Rådgjevar Anders S. Olsen hadde som prosjekt å intervjuar elevar frå 16-24 år som har slutta i vidaregåande. Skulevegring og fråvær i grunnskulen hadde ein samanheng med fråfall i vidaregåande.

Undersøkinga viste at årsakene til fråværet i grunnskulen var mange, og at det kunne vera fleire faktorar som spelte inn.

Undersøkinga viste og at skulane handsama fråvær ulikt, og det er derfor viktig å ha ein plan som sikrar at det er ein felles praksis kring fråvær.

Faktorar som elevane spelte inn var blant anna: Fagleg frustrasjon og nederlag, talent vart ikkje verdsatt, mobbing, rus, gaming, psykiske problem, skuletrøytte, underytarar og familieutfordringar.

Det vil vera viktig for alle som arbeider med barn og unge å ha med desse faktorane i si førebygging av problematisk skulefråvær.

I Anders S Olsen si oppsummering kom det fram kor viktig det er at elevar har foreldre, lærarar og leiarar som ser dei og bryr seg om dei. Enkelte tilbakemeldingar var at nokre elevar opplevde at dei vaksne syntes ikkje å bry seg. Vi må arbeida for at kvar elev blir sett og høyrte, og at det er ein god relasjon mellom barn og vaksne.

Undersøkinga viste at situasjonar kring elevar med problematisk skulefråvær ofte er komplekse og omfattande. Det er derfor viktig med eit godt støtteapparat. Tidleg innsats og godt tverrfagleg samarbeid er avgjerande for å lukkast i arbeidet.

UngData 2016

Våren 2016 gjennomførte elevane på ungdomssteget i Klepp undersøkinga «UngData». Skule og framtid er viktige tema her.

90% av elevane i Klepp trivst i skulen. Dette er på landssnitt. Skulk ligg på 19% og er og på landssnitt. UngData brukar omgrepet skulk i si undersøking.

UngData har desse indikatorane på skuletrivsel/mistrivsel:

- Eg passar inn med dei andre elevane
- Lærarane bryr seg om meg
- Eg er stort sett fornøgd med meg sjølv
- Eg gruer meg for å gå på skulen
- Skulk

Undersøkinga viste at enkeltvariabelen som var avgjerande for elevar med eit problematisk skulefråvær er «*at lærarane bryr seg om meg.*»

Fokus på relasjonsarbeid er derfor viktig, og vi må ha rutinar og system som sikrar at elev(ar) blir tidleg etterspurde ved fråvær. Det er lagt vekt på dette i tiltaksplanen.

Det som er viktig å merka seg er at elevane treng ei psykososial tilnærming til vanskane sine. Lover og reglar ser ikkje ut til å ha same effekt for å koma tilbake til skulen.

TILTAKSPLAN

Definisjon: Kearny & Silverman definerer skulevegring slik:

« Skulevegringsåtferd vert definert som elevmotivert vegring mot å gå på skulen eller vanskar med å vera på skulen heile dagen.»

Tiltaksplanen byggjer på dei tre T-ane:

TIDLEG INNSATS - TETT PÅ - TILPASSA OPPLÆRING

Desse tre måtane å tenkja på og arbeida på må liggja i botnen for alt arbeid som skular og andre instansar gjer i samband med skulefråvær.

Viktige rutinar ved fråvær i skulane i Klepp: vanleg fråvær - mistanke om problematisk skulefråvær.

1. Førings av fråvær.

A: Alle lærarar har ansvar for å føra fråvær frå sine timar; det gjeld både starten på dagen og ved timar seinare på dagen.

B: Kontaktlærer undersøker og finn grunn for fråværet hos eleven og har oppfølgjingsansvaret.

2. Melding om frávær.

Skulen v/kontaktlærer skal på foreldremøte om hausten, gje føresette informasjon om dei rutinane som gjeld ved frávær. Denne informasjonen vert og lagt på heimesida til trinnet. Ved første fráværdsdag skal føresette melda frå til skulen ved til dømes å ringa, senda SMS eller senda mail. Kontaktlærer avtalar med si foreldregruppe korleis dette skal gjerast. Det treng ikkje vera likt for heile elevgruppa, men kan avtalast spesielt og spesifikt for elevar der det er nødvendig og avgjerande.

3. Kontakt mellom skulen og heimen.

- A: Ved frávær melder heimen frå til skulen **første fráværdsdag**; viser til punkt 2: Melding om frávær.
- B: Om føresette ikkje tek kontakt med skulen etter første fráværdsdag, skal skulen v/kontaktlærer **dagen etter** ta kontakt med heimen og få vita grunnen til fráværet.
- C: Ved bekymring knytt til høgt frávær, - dersom eleven er vekke meir enn **3 tilfeldige dagar** i løpet av 14 dagar, skal kontaktlærer drøfta den aktuelle eleven med sosiallærer og gje melding til rektor.
- D: Møteverksemd:
- D 1: Skulen v/ kontaktlærer kallar føresette inn til møte. Her møter sosiallærer og eventuelt også rektor. Det vert skrive referat frå møtet med oppfølging, konklusjonar og ansvarsfordeling. Elev kan og bør vera med.
- D 2: Dersom eleven etter slikt møte framleis ikkje møter eller greier å møta på skulen, kallar skulen inn til « ressursgruppemøte»: føresette , elev (kan og bør vera med) - skulen - helsesøster - fastlege - PPT - barnevern. Det vert skrive referat frå møtet med oppfølging, konklusjonar, ansvarsfordeling og tiltakskjede. Tiltaka for å få eleven på skulen, kan etter utgreiing og kartlegging, vera: bekymringsmelding til barnevern - rettleiing i heimen - henta eleven heime - tilrettelegging utanfor skulen -

N.B. Hovudjobben må vera å få eleven på skulen; så må skulen tilpassa opplegg og skulekvardag til eleven.

4. Drøfting av frávær på skulen.

- A: Frávær hjå elevar vert drøfta av lærarar på trinn og team.
- B: Leiinga oppdaterer seg på det allmenne fráværet på skulen ein gong kvart kvartal.
- C: Kontaktlærer har ansvar for å orientera sosiallærer / rektor om einskildelevar med bekymringshøgt frávær. **x**
- D: Bekymringselevar med høgt frávær vert sak i ressursgruppemøte på skulen. Her trekkjer ein konklusjonar og avgjer ansvar for oppfølging.

N.B. Føresette må gje sit samtykkje før guten eller jenta deira vert sak på ressursgruppemøte, jmf. teieplikta.

- E: Guten eller jenta møter ikkje på skulen, men får eit tilbod / skuletilbod utanom skulen. PPT må gje sakkunnig tilråding.

✘: Forskningslitteraturen har ikkje ei eintydig tilråding på når skulefråværet er bekymringsfullt. *Kearny (2009) definerer problematisk skulefråvær som:*

- ✓ Fråvær 25% av skuletida dei siste to vekene
- ✓ Alvorlege vanskar med å gå på skulen i minst to veker der vegringa påverkar kvardagen til barnet eller familien i stor grad
- ✓ Barnet har hatt 10 dagar eller 15% fråvær over dei siste 15 vekene.

Foreldreinvolvering:

Foreldre skal involverast, få rettleiing og informasjon på eit så tidleg tidspunkt som mogleg.

I kartlegging og analyse av skulevegringa kan ulike skjema nyttast. Sjå vedlegg.

5. I ekstra krevjande saker.

Det kan oppstå ekstra krevjande saker kor ein ikkje får eleven på skulen. I slike saker har skule og helse, foreldre og elev prøvd alle tiltak utan å lukkast.

I desse tilfella kan ein ta kontakt med *Oppvekstleiar og SLT*.

Oppvekstleiar og SLT skal vurdere saka og sjå kva for tiltak og samahandling ein må gjere vidare for å få ei løysing i saka.

Definisjonar

Ulike typar fråvær:

Fråvær kan delast inn i dokumentert og udokumentert fråvær.

1. Dokumentert fråvær:

- Dokumentert fråvær: Dokumentert fråvær innvilga av skulen¹
- Dokumentert fråvær av helsemessige årsakar, der foreldre har meldt fråfall til skulen²

Det er kun desse fråværsgrunnane som vert godtekne i grunnskulen, grunna opplæringsplikta.

2. Udokumentert fråvær:

- Fråvær som foreldre ikkje har meldt frå om
- Fråvær som varer lengre enn det skulen har gjeve eleven permisjon for

Det blir rekna som ugyldig fråvær at ein elev kjem for seint, er borte frå enkelttimar utan permisjonssøknad eller vegrar seg/nektar å gå på skulen.

3. Problematiske fråvær – skulevegring

Kommunen har ansvar for å oppfylle elevane si opplæringsplikt og opplæringsrett. Om eleven er lenge borte frå opplæringa, om det gjeld dokumentert eller udokumentert fråvær, vert dette problematisk. Kommunen har derfor laga retningslinjer og prosedyrer, slik at plikta kommunen har skal bli ivareteken.

1 Kommunen kan gje elevpermisjon frå grunnskuleopplæringa inntil to veker, jmf. Opplæringslova 2-11

2 Når eleven er borte av helsemessige årsaker, er melding frå foreldre gyldig dokumentasjon. Skulen kan krevja legemelding for langvarig fråvær, og foreldre og elev kan krevja at sjukefråvær ikkje blir ført på vitnemålet. I slike situasjonar kan ein elev bli fritteken frå opplæring etter opplæringslova §2.1-4. ledd

4. Skulevegring

Skulevegring er i forskning definert som «*Vegring initiert av barnet mot å gå på skulen, bli der hele skoledagen, eller en kombinasjon av begge*»(Kearny og Bernstein 2001) eller «*Vansker med å gå på skolen, assosiert med følelsesmessig ubehag, spesielt angst og depresjon*»(King og Bernstein 2001) «*Skolefobi er en spesiell form for emosjonell forstyrrelse*» (Hertz 2011)

Kearny & Silverman definerer skulevegring slik:

« Skulevegringsåtfærd vert definert som elevmotivert vegring mot å gå på skulen eller vanskar med å vera på skulen heile dagen.»

Det er likevel ei samansett gruppe med mange og individuelle behov. Ein kan dele inn i fire undergrupper.(Kerany, 2001)

Unngå negative opplevingar	1.Unngå stimuli som vekker generell negativ affekt eller emosjonelt ubehag. Vegringa er ofte ikkje knytta til spesifikke situasjonar, men eleven opplever generelt ubehag i skulesituasjonen. Dersom eleven unngår skulen og dermed også unngår den negative opplevinga, vert åtferda oppretthalden og forsterka. I nokre tilfelle er ubehaget knytt til bestemte situasjonar som eleven vil prøva å unngå, til dømes skulegården, brannalarmen eller ein bestemt vaksen på skulen.
	2.Unngå ubehagelege sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar. Vegringa sin funksjon her er meir spesifikt knytt til å unngå situasjonar der eleven må eksponera seg sosialt eller bli evaluert, til dømes å snakka høgt i klassen, snakka med medelevar eller ha prøver.
Oppnå positive opplevingar	3.Oppnå merksemd frå foreldre eller viktige andre. I dette tilfellet er vegringa sin funksjon ikkje å unngå ein negativ situasjon, men at eleven oppnår noko positivt, i form av positiv merksemd. Den positive konsekvensen vil oppretthalda og forsterka eleven si vegringsåtfærd.
	4.Oppnå gode utanfor skulen. Her er vegringa sin funksjon å oppnå noko positivt. Meir spesifikt kan det vera belønningar eller andre konkrete gode som til dømes TV, dataspel, vera med venner, shopping eller rus.

Tidlege teikn på skulevegring

Teikn hos eleven

- ✓ Er ekstremt innadvent eller sjenert
- ✓ Er svært utrygg ved skulestart etter skulebytte og ordinære tiltak for å trygga eleven hjelper ikkje
- ✓ Lite engasjert i skulearbeid
- ✓ Trøytt og uopplagte
- ✓ Snakkar sjeldan høgt i timen
- ✓ Snakkar ikkje med vaksne/medelevar eller berre med utvalde vaksne/medelevar
- ✓ Viser motstand mot å vera ute i friminutt eller er avhengig av at ein bestemt vaksen/medelev er til stades
- ✓ Har ofte fysiske plager, for eksempel vondt i hovudet eller magen
- ✓ Kan ha ei psykisk lidning
- ✓ Gjer nonverbalt eller verbalt uttrykk for å vera nedstemt eller redd, generelt eller tilknytt spesifikke situasjonar på skulen
- ✓ Trekkjer seg tilbake for sosial interaksjon og/eller skulerelaterte aktivitetar

- ✓ Viser utagerande åtferd til dømes sinne, frustrasjonar der eleven vert utsett for krav i skulekvardagen
- ✓ Viser motstand mot å delta eller prøver å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen
- ✓ Ringer ofte heim i skuletida eller ønskjer å gå heim i løpet av dagen

Bekymring frå føresette:

- ✓ Tek kontakt med skulen fordi eleven gjev uttrykk for ikkje å villa gå på skulen
- ✓ Blir verande lenge i leveringssituasjonane eller vil vera med inn i klasserommet over det som er ordinære rutinar
- ✓ Ringer eleven i skuletida gjentatte gonger for å sjekka at eleven har det bra
- ✓ Tek kontakt med andre instansar for å få hjelp

Bekymring frå skulen:

- ✓ Registerer eit aukande fråvær (sjå Kearny, 2009, definisjon)
- ✓ Ser teikn til mistrivsel og/ eller endra åtferd hjå eleven (sjå pkt under teikn hos elev)

(Dette er døme, og lista er ikkje uttømande. Det er henta frå Oslo kommune sin plan for skulevegring.)

Teieplikta:

Teieplikta gjeld i tverrfagleg samarbeid. Foreldre har ansvar og mynde for eige barn. Om ein skal kommunisera eller samarbeida om eit barn, skal dette skje i forståing med foreldre/føresette. Om ein skal kommunisera eller samarbeida på tvers av tenestoområda, må ein innhenta infomert og skriftleg samtykke frå foreldra/føresette. Ingen skal dela meir informasjon enn det som tener saka. Samtykkeskjema finn ein på Compilo.

Grunnleggjande prinsipp for intervensjon:

- ✓ Tiltak ved skulevegring krev mykje skreddarsaum. Elevar, familiar og skular kan vera veldig forskjellige og tiltak må tilpassast deretter.
- ✓ Tidleg oppdaging og intervensjon er avgjerande for prognosen ved skulevegring. Intervis oppfølging på eit tidleg stadium vil i stor grad auka sjansane for ein god prognose og vera svært ressursparande på sikt.
- ✓ Eit viktig mål er at eleven skal hjelpast til å vera på skulen i størst mogleg grad. I svært mange tilfelle vil den viktigaste behandlinga ved problematisk skulefråvær nettopp vera å hjelpa eleven til å vera på skulen og å oppretthalde daglivets rutinar.
- ✓ Dei fleste elevar som vegrar seg for å gå på skulen, ønskjer eigentleg å vera som alle andre, men dei greier det ikkje. Problematiske skulefråvær handlar ikkje om vond vilje eller latskap. Tiltak handlar ofte om å fjerna hindringar som er for store, samt å læra eleven nye måtar å møte utfordringar på. Øving gjer meister.
- ✓ Tiltak ved problematisk skulefråvær vil ofte innebera å senka krava til eleven i situasjonar/fag/aktivitetar som eleven opplever som vanskelege, for deretter å trappe opp utfordringane ettersom eleven viser meistring.
- ✓ Ofte vil tiltak med problematisk skulefråvær innebera at skulen i ein periode gjev ei viss grad av særbehandling og er fleksible i høve til vanlege skulerutinar. Særbehandlinga vert rettferdiggjort ved at dette skal skje i eni avgrensa periode og at det tener hovudmålet som er at eleven skal vera på skulen.
- ✓ Arbeid med skulevegring krev tett samarbeid og god informasjonsflyt mellom elev, skule, heim og eventuelt eksterne instansar
- ✓ Skulen må raskt ta kontakt med eksterne hjelpeinstansar ved behov;enten for å få rettleiing til utforming av tiltak eller dersom ein ser at eleven eller familien treng oppfølging som skulen ikkje kan gje.

Overgangssituasjonar:

Alle overgangssituasjonar er sårbare for elevar som har skulevegning. Det må leggjast opp gode planar og rutinar for dette. Eleven sjølv kan gjerne vera med i møte der det skal leggjast opp planar for oppstart ved ny skule.

Oppstart ved skule i Klepp:

- Det kan koma elevar frå andre kommunar, eller elev frå annan skule i kommunen. I saker der elevar kjem frå andre skular, må det vera overgangsmøte og leggjast planar for skulebyte.
- Helsesøster har alltid oppstartsamtale med nye elevar. Det er viktig at skulen gjev melding når det kjem nye elevar.

Overgangen frå barneskule til ungdomsskule

- Er tett oppfølging og dialog mellom stega.
- Sosiallærer og kontaktlærer har tett oppfølging mellom elev, heim og skulane, og det må leggjast opp ein plan for overgang i saker der eleven har skulevegning. Det må leggjast planar for dette i god tid.
- Hospitering og bli kjent på ungdomsskulen med nye fysiske rom, lærarar og andre tilsette vil vera viktig. Det kan vera nyttig å knytta eleven til andre elevar.

Overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule:

- Er tett oppfølging og dialog mellom dei to skuleslaga
- Sosiallærer og rådgjevar har tett oppfølging mellom eleven, heimen og skulane; finna «rett» utdanningsprogram og skule
- Hospitering på vidaregåande skule
- Elevar søkte inn på « spesielle vilkår»; med tilleggsark
- Overføringsmøte mellom ungdomsskule og vidaregåande skule
- Orienterer oppfølgingstenesta om aktuelle elevar i faresona
- Tilbod om « sosial -sommarskule «; t.d. på Bryne vidaregåande skule
- Glidelåsen

Kva kan PPT, helse og barnevern hjelpa med?

Uro for eit barn skal alltid drøftast med foreldre/føresette. Det er viktig å løysa kvar sak på lågast mogeleg nivå. Dersom tiltakt ikkje fungerer, vil det vera viktig å tidleg kopla inn hjelp frå eksempelvis PPT, helse og barnevern.

Ein må kalla inn til tverrfaglege møte så fort som råd når skulen sine tiltak ikkje fungerer. (sjå tiltaksplanen).

Møteleiar og deltakarane må bruka god tid til å skape forståing av problemet, gje grundige vurderingar, analysar (og evalueringar) før ein set i gang tiltak.

Det er svært viktig å unngå ansvarsdiffusjon i saker. Ein må etter møta ha klare og tildelte ansvarsoppgåver. Møteleiar må vera ein pådrivar for å få til dette.

PPT

PPT er skulane sitt rådgjevingsorgan i saker som kjem inn under opplæringslova. Når det gjeld elevar med problematisk fråvær, kan PPT delta på avklaringsmøte med skulen og føresette. Her vil ein sjå på vegen vidare saman med føresette og skulen. Dersom ein vert einig om at PPT må kartlegge årsaker til fråværet, bør eleven tilvisast PPT, jf henvisningsrutinar. Dette gjeld ved behov for utgreiing av faglege og/eller sosio-emosjonelle vanskar. Skulen må tilvisa saka som systemsak om PPT skal inn og kartlegga det psykososiale læringsmiljøet i klassen.

PPT vil i så stor grad som mogleg prioritera utgreiingar i saker med problematisk skulefråvær. Dette vil bety at skulen si leiing og PPT sammen må avklara kva som skal prioriterast frå PPT si side i denne perioden.

PPT kan vera med på:

- Å utforma konkrete tiltak for å få eleven til skulen og for at eleven skal få ein god skulevardag.
- Å bistå skulen, føresette og elev i å laga ein samarbeidsavtale og/eller opptrappingsplan for tiltak.
- Å samarbeida med skulen si leiing. Drøfta møteagenda saman med leiinga ved behov.

PPT vil utarbeide sakkunnig vurdering i tilfelle der det er behov for å vurdere eleven sine særlege behov og utbytte av det ordinære opplæringstilbodet (jmf prosedyrar for tilvisning) (jfr. opplæringslova § 5-1).

I heilt spesielle unntakstilfelle blir det gjort sakkunnig vurdering i forhold til fritak fra opplæringsplikta (jfr. opplæringslova § 2-1).

Helsestasjonen, familieeinginga og psykologtenesta

Problemtikk hos eleven kan koma fram i skulehelsetenesta via drop in samtalar hos helsesøster, ressurssgruppemøte, informasjon frå lærar eller henvising frå foreldre til helsestasjonen.

Helsesøster kartlegg helsetilstand og trivsel ved å samtala med ein elev som er mykje borte frå skulen, evtuellet og saman med føresette og lærar. Til å vurdere alvorlighetsgrad ifht kva som kjem fram kan ho få med seg helsestasjons psykolog. Helsesøster kan ta ibruk 4 fotingen eller eigne kartleggingsverktøy i vårt fagsystem for å greia ut om problematikken.

Vurderinga av den helsemessige tilstanden kan utløysa vidare oppfølging eller tilvising i tråd med eleven og føresette sine behov. Tilvisinga kan gå vidare til fastlege, familieeining, - alt etter kva som kjem fram av helsemessige utfordringar.

Helsesøster må involverast på eit tidleg tidspunkt og vera med på samarbeidsmøte som til dømes spespedmøte, sospedmøte, ressursgruppemøte etc. Helsesøster treng å bli tidleg involvert.

Foreldre sjølv kan ta kontakt med helsestasjonen og bli tilvist familieeininga ved trong for hjelp. Aktuelle ungdommar som slit psykisk koplast på miljøterapeutteamet som gjer avtale med eleven og føresette. I tillegg samarbeider ein med kontaktlærer og andre aktuelle instansar som er inne i bilete. Å skape forståing for eleven sin situasjon og helseutfordringar er eit viktig utgangspunkt for vidare samarbeid.

Familieeininga kan inviterast med på møte før dei er involverte i konkrete saker. Familieeininga skal i staben ha tilsett(e) som har utvida kompetanse om skulevegring. Dei kan bidra med råd, vurdering og rettleiing i saker. Dei kan og vera med vidare ved behov.

Barnevernet

Lov om barneverntenester § 3-1 seier: «Kommunen skal følge nøye med i de forhold som barn lever under, og har ansvar for å finne tiltak som kan forebygge omsorgssvikt og atferdsproblemer. Barneverntjenestern har et spesielt ansvar for å søke avdekket omsorgssvikt, atferds-, og sosiale og emosjonelle problemer så tidlig at varige probleme kan unngåast, og sette inn tiltak i høve til dette.»

Det er viktig at barneverntenesta kjem inn i saka på eit tidspunkt der det framleis er mogeleg å hjelpa familien. Ein kan tilby støtte i samarbeidet mellom elev, skule og foreldre.

Barneverntenesta kan gå inn i heimen og kartleggja omsorgs- og livssituasjonen til eleven og sjå på faktorar som kan påverka skulefråværet, avdekka atferdsvansker. Ein kan tilby tiltak til foreldre, familiesamtaler, rettleiing og støtte til familien i ein vanskeleg situasjon, finna verktøy som kan nyttast for å hjelpa foreldre å skapa struktur, setja mål i forhold til foreldre, barn ,skule.

I saker der ein får hjelp frå PPT, Helse og velferd, barnevern må skulen leggja til rette for at læringa vert spreidd vidare internt.

Risiko og beskyttende faktorar

Skule	
Risiko	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Mangelfulle rutinar og lite konsekvent registrering, handtering av og haldningar til fråvær. ✓ Dårleg klasse- og læringsmiljø, mobbing, bruk av straff, liten grad av forutsigbarheit og struktur ✓ Mangelfulle rutinar for skule-heim samarbeid ✓ Lite kontinuitet i opplæringa, tilfeldig overføring av informasjon, stort lærafråvær eller mange lærarbytte ✓ Mangelfull kompetanse på psykiske vansker og angst hos barn
Faktorar som beskyttar	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Lærarar og leiarar som ser og bryr seg om elevane. ✓ Trygg og god relasjon mellom elev og lærar ✓ Gode rutinar for å følgje opp fråvær ✓ God klasseleiing, tilpassa opplæring, realistiske forventningar til elevane og klare faglege mål ✓ God informasjonsflyt ved overgang barnehage- skule, ved lærarbytte og ved overgangar mellom skuleslag ✓ Handlingskompetanse på intervensjon ved skulevegring ✓ Interne støttesystem på skulen, klar ansvarsfordeling mellom kontaktlærar, sosiallærar, leiing. Etablerte samarbeidsrutinar med eksterne instansar.
Heim	
Risiko	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Psykiske vanskar eller anna sjukdom hos føresette ✓ Samspelsvanskar i familien, vanskar med grensesetting ✓ Familien har lite støtte i sosialt nettverk ✓ Store endringar i familiesituasjonar, eksemepvis sjukdom, dødsfall, skilsmisse, arbeidsledigheit, flytting etc. <p>Føresette har negative erafingar med og / eller negative haldningar til skule</p>
Faktorar som beskyttar	<ul style="list-style-type: none"> ✓ God psykisk helse hjå føresette ✓ Tydeleg grensesetting, godt samarbeid mellom føresette ✓ Både far og mor aktivt involvert i eleven sin skulegang ✓ Støtte i sosialt nettverk ✓ Føresette samarbeider godt med lærar og skulen
Elev	
Risiko	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Psykiske vanskar, til dømes emosjonelle vanskar eller sårbare for stress ✓ Eleven har bekymringar for andre ting enn skule ✓ Ekstrem innadventd, trong for svært mykje stadfesting og tryggleik, prestasjonsangst ✓ Få eller ingen relasjonar til elevar på sama alder, mangelfull sosial kompetanse, sosialt umoden ✓ Uoppdaga læreanskar eller utviklingsmessige vanskar ✓ Sjukdom eller diffuse fysiske plager
Faktorar som beskyttar	<ul style="list-style-type: none"> ✓ God sosial kompetanse, prososiale ferdigheiter og positiv sjølvhevding, minst ein god ven ✓ Gode meistringsstrategiar og positivt sjølvbilete ✓ Skulefagleg meistring

Sjekklister for kartlegging

Kartlegging av skulesituasjonen	Notat
<p>Fråvær og vegringsåtfærd hos eleven (Varigheit og hyppigheit av fråvær, fråværsmonster, heile dagar og/eller enkelttimar. Fråvær knytta til fag, situasjonar, personar, aktivitetar. monster av vegringsåtfærd utan fråvær, dvs. at eleven forsøker å unngå einskilde fag, situasjonar, personar, aktivitetar.) Har eleven tidligare i skuleløpet hatt mykje fråvær eller vist vegringsåtfærd?</p>	
<p>Bliir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller fritida?</p>	
<p>Vurdering av skolefagleg og sosial kompetanse Fag/område der eleven viser meistring og trivsel Fag/område der eleven har vanskar</p>	
<p>Enkeltsituasjonar der eleven klarer å møte på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvifor gjekk det bra denne gongen?</p>	
<p>Kven er dei viktigaste vaksne for eleven, og korleis opplever dei vaksne denne relasjonen?</p>	
<p>Kva for viktige relasjonar har eleven til jamnaldrande på skulen?</p>	
<p>Korleis er skulekvardagen organisert, strukturert og gjort oversiktleg for eleven?</p>	
<p>Kva for tiltak er prøvd ut på skulen og korleis har dette fungert?</p>	
<p>Kva har lærar gjort for å tilrettelegga for eleven i opplæringa?</p>	
<p>Kva for tiltak er igangsett i skule – heim samarbeidet, og korleis har dette fungert?</p>	
<p>Forslag til tiltak:</p>	

Sjekkliste for informasjon frå eleven	Notat
Kva for fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen er det eleven liker?	
Er det aktivitetar, fag eller situasjonar som eleven opplever som vanskelege eller ubehagelege? <i>(Lese høgt eller svare på spørsmål føre klassen, ha prøver, ha kroppsøving, fag der eleven må eksponera seg i ei gruppe, snakka med vaksne på skulen, be læraren om hjelp, jobba saman med eller leika med medelevar, bruka skulen sitt toalett, eta i klassen, dra heimefrå om morgonen, forlata foreldra, skulevegen)</i>	
Har eleven vonde følelser knytta til nokre av situasjonane ovenfor eller meir generelt i høve til skulesituasjonen? Kva slags følelser dreier det seg om? <i>(trist, redd, flau, nervøs, engsteleg, sint)</i>	
Har eleven negative tankar knytta til nokre av situasjonane ovenfor eller meir generelt i høve til skulesituasjonen? Kva er det eleven tenkjer? <i>(bekymringar, negative forventningar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg)</i>	
Har eleven andre bekymringar eller har eleven opplevd noko utanom skulesituasjonen som han/ho er opptatt av?	
Blir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?	
Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skulen i skole- tida som gjer det fristande for eleven og ikkje møte opp? <i>(dataspel, møta venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime)</i>	
Kva for lærarar eller andre vaksne på skulen har eleven eit godt forhold til, evt. eit negativ forhold til?	
Situasjonar der eleven klarer å møte på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva var det som gjorde at det gjekk bra?	
Er skolekvardagen oversiktleg og forutseieleg for eleven? <i>(Har eleven oversikt over skuledagen og skuleveka, Kva for lærarar / assistentar som er inne i de ulike timane, Kvem kan eleven gå til dersom det er trong for ein samtale, etc.)</i>	
Har eleven gode venner?	
Eleven sine ønske og mål for korleis skulesituasjonen skal vera?	
Forslag til tiltak:	

Sjekkliste for informasjon fra føresette	Notat
Blir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?	
Skildring av eventuell vegringsåtferd i heimen <i>(Er det vanskeleg å få eleven til å gjera seg klar til å gå på skulen om morgonen, har eleven fysiske plagar i høve med krav om skuleoppmøte, men er elles frisk)</i>	
Dersom eleven har fråvær, kva skjer i tida eleven er borte frå skulen? <i>(dataspell, besøk av familie, ekstra oppmerksomheit frå føresette, treffer venner utanfor skulen, skulearbeid)</i>	
Helsemessige forhold av betydning for eleven sin fungering og fråvær <i>(eventuell sykdomshistorikk, søvnrytme, matlyst)</i>	
Har det skjedd plutslege endringar eller belastningar i familien som kan settast i samband med eleven sine vanskar? <i>(skilsmisse, flytting, søsken, sjukdom etc.)</i>	
Enkelt situasjonar der eleven klarer å møte på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva for tankar har føresette om kva det var som gjorde at det gjekk bra i situasjonen?	
Føresette si ansvarsfordeling når det gjeld å følgja opp skule og skuleoppmøte?	
Eventuelle andre instansar som er involvert i familien?	
Eventuelle andre støttepelarar i familien sitt nettverk?	
Kva for tiltak er forsøkt heime og korleis har desse fungert? <i>(Morgenrutinar, byte av roller mellom føresette, samtale med eleven)</i>	
Føresette sine ønske og mål for eleven si framtidige fungering?	
Forslag til tiltak:	

SAMARBEIDSAVTALE

Samarbeidsavtale mellom elev, skule, føresette og eventuelle andre involverte:

Langsiktig mål for samarbeidet:

Delmål/Opptrappingsplan:

(Kvart trinn vil ha delmål med auka utfordringar for eleven. Delmåla skal tilrettelegga for meistring. Spesifiser kor lenge kvart trinn skal vara)

Delmål/trinn 1: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltar, eleven sin trong for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar)*

Delmål/trinn 2: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltar, eleven sin trong for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar)*

Delmål/trinn 3: *(fag/situasjonar/dagar der eleven deltar, eleven sin trong for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar)*

Generelle tiltak og ansvarsfordeling:

(Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde)

Kontaktlærer har ansvar for:

Føresette har ansvar for:

Eleven har ansvar for:

Andre involverte partar har ansvar for: (Her spesifiser kven)

Plan B:

Dersom eleven ikkje klarer å møta som avtalt skjer dette

(kven gir informasjon/ringer kven og kven gjer kva for å tilrettelegga for eleven si deltaking?)

Evaluerings:

Form på plan for evaluering av tiltaka vert avtalt

(Evaluering bør skje fortløpande saman med eleven med vekt på meistring av delmål. Dato for neste møte og ansvar for innkalling bør spesifiserast)